


Vi krev KVVU på arm frå E134 til Bergen no!

Det er no over fem år (21.01.2015) sidan Statens vegvesen la fram sin *Øst–Vest-utredning*. Deira krystallklåre tilråding var at E134 med «arm mot Bergen» vart gjeven høgaste prioritet. Vegvesenet tilrådde òg ei KVVU-utgreiing av armen. Regjeringa valde likevel å setje dette på vent.

Det er svært viktig å gjennomføre ein KVVU på «armen til Bergen» no – slik Vegvesenet tilrådde for over fem år sidan – slik at utgreiinga er ferdig før neste NTP-rullering i 2021. Alle dei politiske partia i Hordaland støttar dette; i valkampen uttalte *alle* representantar som kom inn på Stortinget frå Hordaland (bortsett frå tre kandidatar som ikkje svarte), at dei støttar ei KVVU på «armen til Bergen».

Når det gjeld «arm mot Bergen» vil vi påpeike:

- Utrekningar frå Vegvesenet viser at E134 over Haukeli åleine vil gje ein samfunnsøkonomisk vinning på 26 milliardar kroner.
- Heile **14 milliardar kroner** av dette er takka vere «armen til Bergen».
- NHO, LO, Norsk industri, Norges Lastebileier-Forbund og mange fleire støttar dette.



«Armen til Bergen» – fire alternative trasear. Endeleg trasé vert vald etter KVVU er ferdig.

Kartet viser dei fire hovudalternativa for «armen til Bergen». Det nordlege alternativet går frå Jondal via Kvam og Samnanger, med kopling til E16 mellom Bergen og Voss. Dei midtre alternativ går frå E134, innom Kvinnherad og Kvam via Bjørnafjorden kommune (tidlegare Fusa og Os kommunar), med kopling til E39 mellom Os og Bergen. Det sørlege alternativ (Sunnhordlandsdiagonalen) går frå Seljestad via Husnes, med kopling på E39 mellom Stord og Os.

Alle kommunar som vil verte råka av «armen til Bergen», er samde om at det no må tingast ei KVV-utgreiing, så vi får avklara kor armen skal gå. Dette er særst viktig då valet vil avgjere fleire andre investeringar i tilknytning til armen.

Vi har full tillit til at Statens vegvesen eller Nye veier vil gjere ei god og grundig utgreiing, som så vert lagd til grunn for val av den endelege traseen.

Kvinnherad kommune

Ullensvang kommune

Bjørnafjorden kommune

Hans Inge Myrvold
Ordfører

Roald Aga Haug
Ordfører

Trine Lindborg
Ordfører

Kvam herad

Samnanger kommune

Torgeir Næss
Ordfører

Knut Harald Frøland
Ordfører